



Fornøgd premievinnar Torbjørn Haugland mottatt premien frå Uskedal Utvikling.

Det vart Torbjørn Haugland som vart trekt ut som vinnar i årets julekonkurranse her på uskedalen.no. Trekninga vart utført av leiar i Uskedal Utvikling, Kristian Bringedal, og det var tilsaman 59 namnelappar med 5 ulike namn i hatten i avslutningstrekinga. Antalet lappar med kvart namn tilsvarte kor mange rette svar dei hadde i konkurransen.



Kristian Bringedal trekkjer Torbjørn sitt namn opp av hatten.

Kjersti Rød Bråtun fall ut etter mellomtrekninga blant dei som hadde 11 rette, og dermed var det Ståle Eik og Kari Bråtun som hamna i hatten saman med Lise Karin Sæbø(13), Torbjørn Haugland(12) og Lars Myklebust(12). Kristian Bringedal trekte ein lapp med Torbjørn sitt namn på. Dermed vart han vinnar av 5 flaxlodd. Dette vart overrekt den fornøgde vinnaren umiddelbart etter trekking. Kor store beløp som vart skrapa fram skal vi ikkje røpa. Vinnaren må få glede av å fortelja det sjølv.

Vi takkar igjen for den gode oppslutnaden om konkurransen, og alle gode tilbakemeldingar. Fleire har oppmoda oss om å følgja opp dette ved seinare høgtider. Det skal vi prøva å gjera, men for å klara dette treng vi bilete. Derfor oppfordrar vi alle å senda oss aktuelle bilete til thordossland@gmail.com. allereie no. I tillegg til personar kan det også vera stader og ting som er godt kjent i bygda. Denne gongen var det Svein A. Sunde og Leif Arne Døssland som ordna biletmateriale. Tusen, tusen takk!!

Løysing på bonusoppgåva?

Det er jammen ikkje løye **Thor Inge** dansa så smidiig og elegant.

Eg trur jammen at det var **Ase Nisse** han fant.

Ho svingar seg lett kledd i busserullen til Harald Nilsen,

ho svevar sjølv utan ein dråpe av Hansa pilsen.

PS: Torbjørn er no inne i ein god vinnarstim. Saman med ein bror vann han også hovudgevinsten, bålpanne, på skulemusikken sin adventskalendar.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.